

Oppstart av nytt barnehageår, og brannvern

18.09.2017



Kjempekjekt å få besøk av skikkelege brannmenn og brannbilar i barnehagen.

Oppstart av nytt barnehageår er alltid spennande, både for små og store. Vi kjem attende til barnehagen etter ein lang ferie. Nokon barn er slutta for å byrje på skulen, andre gleder seg til å treffe igjen venner og bli kjent med nye barn, og nokon byrjar i barnehagen for aller første gong. Saman med oppstart av nytt barnehageår kjem og brannvern, og brannvernveka.



Barna hadde lært masse om brannvern.

På same måte som det kan både vera kjekt, spennande og litt skumelt å byrje i ny barnehage, er det mange barn som synes brannøving er både skumelt, spennande og kjekt. Det er viktig å kjenna seg trygg. Av den grunn brukar vi lang tid på brannvern saman med barna, før den første varsla brannøvinga med alarm kjem.

I barnehagen vår starta vi opp med brannvern i midten av august. Gjennom leik, bøker, digitale mediar, song, visuelle effektar, samlingsstunder og den gode samtalen har vi arbeida med brannvern på avdelingane. Dette synes ungane er spennande. I barnehagen har ungane leika brannmenn og branndamer. Barna har redda kvarandre, og sløkt brannar, og leika brannbil. Då den første varsla brannalarmen gjekk, visste barna kva dei skulle gjera. Enkelte syntes nok fortsatt det var litt skumelt, men med trygg voksen hand, gode ord gjekk det jo bra. Det var stas å springa ut på bare sokkane, å visa kva dei hadde lært.

Likevel hendte nok det aller største og mest spennande den dagen brannbilane svinga inn på tunet ved barnehagen. Ut kom det ekte brannmenn, og ei brannmann- dame. Ungane fekk snakke med brannmennene, og fortelja kva dei kunne. Sitja i brannbilen, fekk sjå ein ekte røykdukkar og høyra sirena på brannbilen. Etterpå fekk alle ein premie av av brannmannen.

Då brannbilane kørde vekk frå barnehagen den dagen, var ungane svært samde i at dette hadde vore ein veldig spennande og kjekke dag.



Barnehageborna fekk også sjå ein skikkeleg røykdykker

Tekst og foto: Ann Irene Sæle
Nett: Thor Inge Døssland.